



**Styre:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet  
**Styresak:** 115/23  
**Møtedato:** 12.12.2023  
**Journalnummer:** 2023/1803

---

## **JUS233 Komparativ rett – fastsetjing av sensurhonorar**

---

Emnet JUS233 Komparativ rett går for første gong studieåret 2023/2024. Emnet er på 2 studiepoeng og er eit emne for studentar som dreg på utveksling i vårsemesteret på 3. studieår. Vurderingsforma er eit intervju som skal leverast som lydfil, lyd- og bildefil, eller skriftleg. Vurderingsuttrykk er greidd/ikkje greidd. Det skal gjevast munnleg grunngjeving til studentar som ber om det.

Før vurdering skal gjennomførast første gong vårsemesteret 2023, er det naudsynt å slå fast storleiken på sensurhonoraret idet vurderingsforma ikkje samsvarar med allereie eksisterande eksamens- og vurderingsarbeid ved fakultetet.

Vurderingsforma er skildra slik i emneskildringa:

### **Vurderingsformer**

*Den obligatoriske undervisningsaktiviteten er et vilkår for å gå opp til eksamen, og inngår følgelig i sertifiseringsgrunnlaget.*

*Emnets vurderingsform er et intervju med en representant fra rettskulturen i vertslandet, for eksempel en medstudent.*

*Intervjuet kan enten*

- 1. filmes eller spilles inn som en podkast med en varighet på 10-15 minutter.*
- 2. gjennomføres muntlig, men leveres skriftlig som et intervju i sjangrene «avisintervju» eller «magasinintervju». Innleveringsdokumentet skal ha et omfang fra minimum 2000 ord til maksimum 2500 ord og inneholde fullstendig kontaktinformasjon til intervjupartneren, inklusive telefonnummer og e-postadresse. Fakultetet vil gjennom stikkprøver kontakte intervjuobjekt og be hen bekrefte av at hen har medvirket til intervjuet.*

*Uavhengig av hvilket format som velges for intervjuet (lyd og bilde/kun lyd/skriftlig), skal intervjuobjektet signere et skjema utarbeidet av fakultetet der intervjuobjektet bekrefter at hen er kjent med at intervjuet leveres som del av vurderingen i emnet og at intervjuobjektet samtykker til dette.*

*På kursets emneside i MittUiB vil det legges ut konkrete instruksjer og et veiledningsskjema («intervjuguide») for gjennomføring av intervju, og det vil gis et overordnet tema for intervjuet som varierer fra semester til semester.*

*På kursets emneside i MittUiB legges det i tillegg ut en eksempelvideo og et skriftlig eksempelintervju, en liste med vurderingskriterier (rubrics) og en forklaring på hvordan disse kriteriene skal vektas i vurderingen av intervjuene.*

### **Eksamensspråk:**

Oppgaven: Engelsk

Besvarelsen: engelsk/tysk/fransk/spansk, eventuelt andre ikke-skandinaviske språk etter søknad.

### **Kostnader**

Studiedekanen vurderer at med den avgrensede lengden på intervjuet, samt at det ikke er krav til skriftlig grunngjeving, vil det være tilstrekkelig med 20 minutter per eksamenssvar for å vurdere eksamenssvaret til greidd eller ikke greidd. Emneansvarleg Sören Koch er enig i at dette høyst ut som et passende tidsoverslag.

Per 9. november er det 171 tredjeårsstudenter som skal på utveksling våren 2024. Viss alle studentane held fast på planen om å utveksla og dermed skal avlegga eksamen i JUS233 Komparativ rett, vil sensurarbeidet utgjera ein tidsbruk på 57 timar.

Timesats for sensur (pr. 01.05.23) er kr 398,22. 20 minutter, eller kvart eksamenssvar, kostar då kr 132,74 ved bruk av eksterne sensorar. Dette gjev ein total kostnad nær kr 23 000.

### **Gjennomføring av sensurarbeidet**

Vurderingsforma i emnet er annleis enn noko vi har prøvd ut tidlegare. Ved første gongs gjennomføring av emnet er det difor naudsynt at emneansvarleg sjølv tek store deler av sensurarbeidet for slik å kunna danna seg eit inntrykk av om undervisning og prøving fungerer etter hensikta. Når emnet har funne si form og ein er viss om at både undervisninga og prøvinga i emnet er hensiktsmessig, håpar ein å i stor grad kunna nytta same sensorgruppa i JUS233 Komparativ rett som i JUS232 Rettshistorie og komparativ rett, og at emneansvarleg blir involvert først og fremst i dei tilfella ei oppgåve er i ferd med å vurderast til ikkje greidd.

### **Uttale frå SU**

Saken vert behandla i SU den 22.11.2023.

Studieutvalet oppmodar fakultetsstyret til å fastsetja sensurhonoraret for JUS233 Komparativ rett til 20 minutter per eksamenssvar.

### **Merknader fra dekan og fakultetsdirektør**

Dekan og fakultetsdirektør slutter seg til forslaget fra Studieutvalet.

### **forslag til vedtak:**

Sensurhonoraret for JUS233 Komparativ rett fastsetjast til 20 minutter per eksamenssvar.

Karl Harald Søvig  
dekan

Øystein L. Iversen  
fakultetsdirektør

01.12.2023  
INTØ/ANNNI